

Biologisk mangfold
Myr i Suldal kommune

Av Jarle Lunde



Suldal kommune, miljørapport 1/2004

Forord

John Inge Johnsen hjå Fylkesmannen i Rogaland har vore med ein dag i felt, artsbestemt nokre artar pr.post og kommentert eit utkast til rapporten. Takk til han.

Rapporten vert å finna på www.miljostatus.no/suldal

Innhald

FORORD	2
INNHALD	2
SAMANDRAG	3
INNLEIING	4
METODE	4
TIDLEGARE UNDERSØKINGAR	5
Mosvatnet S, Bondingen – Hedlebrekk – Giljenuten (LL 546 865).....	5
Hovstøl – Buhaugstøl – Fjellberg (LL 543 860).....	5
Fidjane ved Mosvatnet (LL 553 908).....	6
Mosvatnet V. Myr mellom Gamlaskar og Kringletjørn (LL 535 899).....	6
Grønhovet N, Gullingen.....	7
Kvanndalen (LM 860 120).....	7
Lingvongvassdraget (LM 620 080).....	7
Tengedalvassdraget (LM 590 070).....	8
Hålandselva (LL 470 860).....	8
Nordalsåna (LL 470 800).....	9
Brommeland – Grov (LL 470 960).....	9
Svinastølane, Hamrabø (UTM 690 126).....	9
Vassbotnen, sør for Mork, Ritlandsvatnet N (LL 535 968).....	10
Tysseland (LM 413 025).....	10
NYE UNDERSØKINGAR 2003	12
Vågamyra, Barkeland, Jelsa (LL 338 812).....	12
Storamyra, Barkeland, Jelsa (LL 342 813).....	12
Slåttetjørna ved Barkeland, Jelsa (LL 330 818).....	12
Trongane ved Liastøl, Hålandsdalen (LL 465 834).....	13
Storemyr nord for Nyastøl, Gullingen (LL 564 898).....	13
Mosvatnområdet N, Breiastølsdalen (utan Storemyr) (LL 565 895).....	14
Søre Finnadalen, Finnadalstølen (LL 568 868).....	15
Breidastølen, Nyastølen og Furedalen over Tjøstheim (LL 578 937).....	16
Mosvatnet, Mostølen (Bråtveit) (LM 780 053).....	17
Vikastøls-, Vassstøls- Djupadalsvatnet (Hebnes N) (LL 275 878).....	17
Grytestølen – Rødnetjørna (Grytevatnet V) (LL 294 920).....	18
ANDRE OMRÅDER - DISKUSJON	18
OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	20
LITTERATUR	21
VEDLEGG	22

Forsidebilde: Bakkemyr over Nyastølen, Tjøstheim. Fattigmyr som dette er vanlegaste myrtype i kommunen.

Samandrag

Rapporten gir ein oversikt over myr i Suldal med biologisk mangfald som perspektiv.

Som i Rogaland elles er det lite myr i Suldal. Det som finst er for det meste i 500-700 meters høgde. Områda der myr har størst utbreiing er i området ved Mosvatnet – Hedlebrekk og i stølsområdet over Tjøstheim. Det er svært lite gjenverande myrareal i lavlandet.

Nedbørsmyr, eller ombrotrof myr/myrpartier (J) finst spredt, ofte som mosaikkvekslande myrflatar saman med langt vanlegare minerotrofe myrar.

Det aller meste av myrareala i Suldal er fattig flat- og bakkemyr (K), mest fastmattemyr (K3) dominert av blåtopp, bjønnskjegg, rome, slåttestarr, stjernestarr, duskull, torvull, flaskestarr og klokkelyng.

Intermediær myr (L) opptrer i dalsider og sig, men og på flatmyr. I tillegg til artene på fattigmyr inngår mellom anna myrfiol og myrhatt.

Rikmyr er sjeldan i kommunen. Større areal er funne mellom Torsketjønn og Tengedalsstølen (650 moh) (middelsrik fastmattemyr, M2) der ein mellom anna finn artar som gulstarr, breiull, marigras, jåblom og svarttopp. Ein finn og mindre areal i skogen mellom Mork og Ritlandsvatnet (Vassbotnen) og over Tysseland.

Når det gjeld verdisetting av biologisk mangfald er dei registrerte rikmyrane svært viktige. Det same er lavlandsmyrane ved Barkeland, og då særleg Vågamyra. Dei delvis terrengdekkjande myrane ved Hedlebrekk er klassifisert som viktige.

Tidlegare har det vore foreslått verneområder av myr i Hedlebrekk- Fjellbergområdet, myrar som då blei vurdert å ha landsdel/regional interesse. Andre myrar av regional/lokal interesse som er framheva i rapporten er Storemyr (Gullingen) og Finnadalsstølsmyra.

Kartleggingsmetodikken som er nytta når det gjeld verdisetting (DN 1999) opererer med storleik på myr som eit viktig verdikriterium. I Rogaland er det igjen så små myrareal, at det nok er meir riktig med eit ”restområde-fokus”. Ein bør ha ei restriktiv haldning til tiltak som skadar denne naturtypen i Suldal kommune.

Innleiing

Kommunen skal kartleggje og klassifisere det biologiske mangfaldet innan år 2003. Tyngda og verdien av dei kommunale registreringane blir understreka i St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning*, og i St.meld 25 (2002-2003) *”Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand”*. Registreringane blir ein viktig del av eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem. I denne rapporten blir det gjort greie for kva myrar i Suldal som bør bli registrert

Når det gjeld myr så har denne naturtypen både direkte og indirekte verknad for det biologiske mangfaldet. Døme kan vere myr som vassmagasin og som leveområde. I Finland har ein mellom anna undersøkingar som viser at 3000 insekt og edderkoppdyr er heimehørande på myr.

Direktoratet for naturforvaltning opplyser på nettportalen ”Miljøstatus i Norge” at fleire vegetasjonstypar av myr er trua, sjå vedlegg 2

(http://www.miljostatus.no/templates/PageWithRightListing_____2274.aspx).

I følgje Steinnes (1988) er myrarealet i Rogaland lite (3,5 %), det til trass for fuktig klima. Dette kjem av oppbroten topografi og grove lausmassar. Terrengdekkjande myr finst i lågheiregionen, men er sjeldan tydeleg utvikla. Bakkemyr og flatmyr er vanlege i heile fylket, medan strengmyr er svært sjeldne (Steinnes 1988).

Metode

Arbeidet er gjort i to deler:

1. Samling av eksisterande kunnskap om myr i Suldal. Dette er tidlegare vegetasjonsundersøkingar i samband med kraftutbygging, verneplanar med meir.
2. Supplerande feltregistreringar

I sistnemde er dei største myrane/myrkompleksa i kommunen undersøkt. Det viktigaste har vore å klassifisere myrane, ikkje å lage ei komplett artsliste for dei ulike typane. Feltregistreringane som ligg vedlagt må difor ikkje oppfattast som komplette artslistar, spesielt på mose og lav er dei mangelfulle.

Under klassifisering er ”Vegetasjonstyper i Norge” av Eli Fremstad nytta (1997).

Under verdsetjinga er det teke utgangspunkt i DN-handbok nr 13, ”Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold”.

Tidlegare undersøkingar

<u>Lokalitet:</u>	Mosvatnet S, Bondingen – Hedlebrekk – Giljenuten (LL 546 865)
<u>Moh:</u>	600 –680
<u>Undersøkt:</u>	09.07.78 (Moen). Synfaring 14.08.03
<u>Areal/utbreiing</u>	Om lag 400 daa. Stort myrlandskap med stor variasjon.
<u>Typar/flora:</u>	Fattig flat- og bakkemyr med små ombrotrofe partier, dels som terrengdekkjande. Moen og Pettersen (1979) skriv at meir enn 90 % er dekt av fattigmyr vegetasjon der fastmatte dominerer. Trivielle typar det meste, men mykmatte med floristiske artar inngår . Ved synfaring i 2003 går det fram at langt større del er ombrotrof myr enn det som vart registrert i 1978. Dette gjeld dei høgreliggjande og dels terrengdekkjande myrane .
<u>Inngrep:</u>	Myrareal langs vegen ved Hedlebrekk er nytta til eit jorde. Det er laga ein skogsbilveg frå Hedlebrekk mot Frøkedalen som går like sør eller i kanten av myrområdet. Det er oppført fleire hytter i området, nokre har fått grusa sti over myrareal. Til trass for dette framstår myrane framleis i stor grad som då Moen var der i 1978.
<u>Verdiar:</u>	Myrane blei undersøkt i samband med Verneplan for myr. Dei blei gitt verneverdi av landsdel/regional interesse (verdi 2/3). Moen og Pettersen meiner at myrane ved Hedlebrekk og Hovstølen bør kunne vernast samla i eit område, der og andre naturtypar inngår. Meir om områda, mellom anna med kart og flora, sjå Moen og Pettersen (1979, s.224-228). Myrane i området blei ikkje verna. I ”Utkast til verneplan for myrer i Rogaland fylke” (Fylkesmannen i Rogaland 1981) heiter det at freding ikkje lengre er aktuelt då kraftreguleringa ”vil få konsekvenser for grunnvannstanden i de aktuelle myrane. Det foreligger vidare godkjente planer for hyttebygging i området” (s.27). I dag kan ein slå fast at reguleringa, slik den vart gjennomført, ikkje påverkar dei aktuelle myrene. Terrengdekkjande myr er ein sjeldan naturtype som me finn der det er svært mykje nedbør (om lag 2700 millimeter på Fjellberg). I kartlegging av biologisk mangfald etter DN (1999) er denne utforminga, utan preg av for mykje inngrep, ein viktig kartleggingseining. Det er ikkje funne andre myrer i kommunen med same preg av å vere terrengdekkjande. Terrengdekkjande myr er rekna for å vere ein sterkt trua vegetasjonstype (Direktoratet for naturforvaltning, vedlegg 2)

<u>Lokalitet:</u>	Hovstøl – Buhaugstøl – Fjellberg (LL 543 860)
<u>Moh:</u>	500 – 580
<u>Undersøkt:</u>	09.07.78 (Moen).
<u>Areal/utbreiing</u>	Om lag 200 daa i stølsdal med Hovstøl i NV og Buhaugstødl i sør.

Typar/flora: Fattig fastmattevegetasjon dominerer. Triviell suboseanisk /subalpin bakkemyrvegetasjon. På bakkemyr med over 15 grader er flaskestorr vanleg. Kildevegetasjon med sphagnum riparium i nord. Representerer en triviell type som klart er vanleg i området (Moen og Pettersen 1981)

Verdiar: Myr undersøkt i samband med Verneplan for myr. Blei gitt verneverdi av landsdel interesse (verdi 2).

Moen og Pettersen meiner at myrene ved Hedlebrekk og Hovstølen bør kunne vernast samla i eit område, der og andre naturtypar inngår. Meir om områda, mellom anna med kart og flora, sjå Moen og Pettersen (1979, s.224-228).

Myrane i området blei ikkje verna. I ”Utkast til verneplan for myrer i Rogaland fylke” (Fylkesmannen i Rogaland 1981). heiter det at freding ikkje lengre er aktuelt då kraftkraftreguleringa ”vil få konsekvenser for grunnvannstanden i de aktuelle myrene. Det foreligger vidare godkjente planer for hyttebygging i området” (side 27).

I dag kan ein slå fast at reguleringa, slik den vart gjennomført, ikkje påverkar dei aktuelle myrene.

Inngrep: Ingen kjende.

Lokalitet: Fidjane ved Mosvatnet (LL 553 908)

Moh: 520

Undersøkt: 09.07.78 (Moen).

Areal/utbreiing Om lag 400 daa. Den største og mest varierte myra i denne del av Suldal.

Typar/flora: Fattig flat- og bakkemyr med små ombrotrofe partier. Stort sett triviell flora med rikt innslag av vanlege suboseaniske artar. Flaskestarr og duskull vanleg på flommyra.

I følgje Moen og Pettersen (1979) har Ryvarden funne strengstorr og blystorr på myra. Desse indikerer intermediær myr. Dette er truleg ved stølen i NV kor det er rikare sig.

Inngrep: Store delar av myra er i dag grøfta, mykje vert nytta til jorde/beite. Bilveg i sør, kraftlinje i nord.

Verdiar: Myr undersøkt i samband med Verneplan for myr (Fylkesmannen i Rogaland 1981). Blei gitt verneverdi av landsdel interesse (verdi 2). Utan inngrep ville verneverdien vore stor. På grunn av inngrepa blei området ved Hedlebrekk og Hovstølen vurdert til å ha større verdi.

Tidlegare skal det ha hekkadobbelbakkasin ved myra.

Myrtypene i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold

Lokalitet: Mosvatnet V. Myr mellom Gamlaskar og Kringletjørn (LL 535 899)

Moh: 600

Undersøkt:

Areal/utbreiing: Ei av mange mindre myrer i området.
Typar/flora: Minerotrof fattigmyr. Artsfattig feltsjikt der torvmyrull dominerer, andre er flaskestarr, rome og myrflol. Tett og ofte svulmande botnskikt av torvmosar (Frafjord, B. Og Jastrey. J 1994)

Inngrep:

Verdiar:

Lokalitet: Grønhovet N, Gullingen

Moh: 640

Undersøkt:

Areal/utbreiing: Ei av mange mindre myrer i området

Typar/flora: Ombrotrof tuemyr, dvergbjørk-rusttorvmose-type. Tjukt torvdekke. Tormyrull, molte og røsslyng dominerande artar. Dvergbjørk og krekling (Frafjord, B. og Jastrey. J 1994).

Inngrep:

Verdiar:

Lokalitet: Kvanndalen (LM 860 120)

Moh:

Undersøkt: 08.1983

Areal/utbreiing: Myrvegetasjon dekkjer berre små areal i Kvanndalen.

Typar/flora: Hovudsakleg fattig eller intermediær myr med vekslande dominans av flaskestarr, duskull, tranestarr og blankstarr. I nokre myrer, særleg dei med blankstarr og tranestarr styrker det intermediære preget av eit botnsjikt av kravfulle artar som brunklomose og makkrose. I den fattige typen dominerer torvmosar (Mayer og Botnen 1983).

Inngrep: Ingen kjende.

Verdiar: Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold .

Myrene er små, ein må sjå dei i samanheng med andre verdiar i dalen.

Lokalitet: Lingvongvassdraget (LM 620 080)

Moh:

Undersøkt:

Areal/utbreiing: Myr har størst utbreiing på flatane aust for Grimsvatnet, men finst og i dalsidene både på lavare og høgare nivå.

Typar/flora: Ombrotrof myr/myrpartier (J) finst spredt på høgare nivå. Det meste er fattigmyr (K), mest fastmattemyr (K3) dominert av blåtopp, småbjønnskjegg, rome, slåttestarr, stjernestarr, duskull, torvull, flaskestarr og klokkelylng. Intermediær myr (L) opptrer relativt vanleg i dalsidene (Odland og Fremstad 1991, s. 11)

Inngrep: Ikkje kjende.

Verdiar: Isolert sett er myrtypane i området vanlege og det er ikkje kjend særskilde verdiar.

Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold

Lokalitet: Tengesdalvassdraget (LM 590 070)

Moh:

Undersøkt: 1979, 1991

Areal/utbreiing: Størst utbreiing mellom 600-700 meter, men og lenger ned. Totalarealet er lite.

Typar/flora: Ombrotrof myr/myrpartier (J) finst spreitt på høyare nivå. Det meste er fattigmyr (K), mest fastmattemyr (K3) med blåtopp, småbjønnskjegg, rome, slåttestarr, stjernestarr, duskull, torvull, flaskestarr og klokkelyng. Intermediær myr (L) opptrer relativt vanleg i dalsidene.

Mellom Torsketjønn og Tengesdalsstølen (650 moh) finst rikare myrtypar (middelsrik fastmattemyr, M2). Her veks mellom anna gulstarr, breiull, marigras, tranestarr, rome, gulsildre, jåblom, svarttopp, dvergjamne, myrsaulauk, fjelltistel, skavgras, tvebostarr og bjønnbrodd. I botnsjiktet dominerer torvmosar, *Campylium stellatum*, *Drepanocladus revolvens* og *Cretoneuron*.

Kjelder: Botnen 1979, s.8 og 23 (floraliste), Odland og Fremstad 1991, s. 13

Inngrep: Ikkje kjende.

Verdiar: Rikmyrene er ein sjeldan vegetasjonstype. I Suldal kommune er dette pr i dag einaste kjende lokalitet, forutan mindre myrflekkar ved Vassbotnen og Tysseland. I følge DN (1999) er alle rikmyrer under tregrensa i utgangspunktet viktige. Rikmyr over 50 daa, men og mindre myrer med intakt tilstand er svært viktige. Det er ikkje kartlagt kor store areal det er med rikmyr i området, men Hansen og Slette (1987) seier at rikmyrene er relativt store i areal.

Når det gjeld avgrensing bør dette ideelt sett omfatte myras nedbørsfelt. Dei rikaste partia ligg oftast i overgangen mellom myr og fastmark (DN 1999).

Lokalitet: Hålandselva (LL 470 860)

Moh:

Undersøkt:

Areal/utbreiing Myr er vanlegast rundt 600 m.o.h., men totalarealet er lite.

Typar/flora: Ombrotrof myr/myrpartier (J) finst spredt, gjerne med furu. Det meste er fattigmyr (K), mest fastmattemyr (K3) med blåtopp, småbjønnskjegg, rome, slåttestarr, stjernestarr, duskull, torvull, flaskestarr og klokkelyng. Intermediær myr (L) opptrer relativt vanleg i dalsidene øvst i skogsona (Odland og Fremstad 1991, s.8)

Inngrep:

Verdiar: Myrene er små og utformingane er vanlege.
Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.

Lokalitet: Nordalsåna (LL 470 800)

Moh:

Undersøkt: 1991

Areal/utbreiing: Myr dekker store areal mellom 400 og 700 m.o.h.

Typar/flora: Ombrotrof myr/myrparti (J) finst spreitt, gjerne med furu. Det meste av myrarealet er fattig myr (K), mest fastmatte myr (K3) med sterk innslag av blåtopp, småbjønnskjegg, rome, slåttestarr, stjernestarr, duskull, torvull og klokkeling. Intermediære (L) finst, men i små areal (Odland og Fremstad 1991, s. s18)

Inngrep:

Verdiar: Odland og Fremstad trekker fram velutvikla vatn og strandvegetasjon i tilknytning til intermediære myrer ved Nordalsvatnet.

Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.

Lokalitet: Brommeland – Grov (LL 470 960)

Moh: 30-600

Undersøkt: 1999

Areal/utbreiing: Små areal

Typar/flora: Fattige bakkemyrer i begge nedbørsfelt (Brommeland- og Grovbekken), mest utbreidd på slake skråningar over skoggrensa. Særleg nedanfor Hanakamstølen og på Søteheia. Her er og små flekkar ombrotrof myr (J), dominert av røsslyng. Ombrotrof og minerotrof fattigvegetasjon dannar ofte mosaikkvekslande myrflatar med bjønnskjegg, finnskjegg, kornstarr, torvull, duskull, smal soldogg, molte, lusegras, krypvier, blokkebær og kvitlyng og rypebær. Dvergbjørk er vanleg i høgareliggjande strøk (Bakkestuen m.fl. 1999).

Inngrep: Ikkje kjende.

Verdiar: Myrene er små og typane er vanlege. Dei er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): *Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.*

Lokalitet: Svinastølane, Hamrabø (UTM 690 126)

Moh: 670

Undersøkt: Sommar 1997

Areal/utbreiing: Kjelde i opent skog og krattparti avgrensa langs med eit bekkesig.

Typar/flora: Relativt rik kjelde- og myrvegetasjon med mellom anna svartopp, breiull hårstarr, tvebustarr, sveltull, bjønnbrodd, trefingerurt og harerug (Tysse 1997).

Inngrep:

Verdiar: Tysse meiner lokaliteten er botanisk verdifull. Også Odland (1993) trekker fram desse sige som spesielle botaniske område.

Lokalitet: Vassbotnen, sør for Mork, Ritlandsvatnet N (LL 535 968)

Moh: 71- 260

Undersøkt: August 1997

Areal/utbreiing: Små areal.

Typar/flora: Området har ein relativt stor , godt bevart og ganske variert høgproduktiv furuskog med stort innslag av grove og gamle edellauvtrær. I tillegg finst det litt intermediær myr i området og heilt lokal rikmyr. Mange artar på rikmyra er regionalt sjeldne (Gaarder og Haugan 1998).

Inngrep: Ingen kjende i myr.

Verdiar: Rikmyr er sjeldan og verdifull. Etter DN (1999) er alle rikmyrer under tregrensa viktige i eit biologisk mangfald perspektiv. Myrene i dette området er små og må ses i samheng med verdien av området totalt sett, noko Gaarder og Haugan (1998) meiner er av regional/nasjonalt verdi.

Lokalitet: Tysseland (LM 413 025)

Moh: Omlag 400

Undersøkt: Registrert juli 1983 i samheng med samla plan for vassdrag.

Areal/utbreiing: Små areal.

Typar/flora: "Ved stien mellom Tysseland og Tysselandsstøl ligger et rikt myrsig med rikelig forekomst av de regionalt sjeldne artene breiull og skavgras." Sitatet er frå Samla plan for vassdrag, Tysseland (sjå bilde tatt av A. Steinnes). Dette er artar som veks på rikmyr.

Inngrep: Ikkje kjend

Verdiar: Rikmyr er sjeldan og verdifull. Etter DN (1999) er alle rikmyrer under tregrensa viktige i eit biologisk mangfald perspektiv.



Rikmyr med breiull, Tysseland
(Foto: A. Steinnes)

Nye undersøkingar 2003

<u>Lokalitet:</u>	Vågamyra, Barkeland, Jelsa (LL 338 812)
<u>Moh:</u>	10
<u>Undersøkt:</u>	14.08.03
<u>Areal/utbreiing:</u>	Myra ligg ved Bergatjørna og er 65 daa + vatn (22 daa)
<u>Typar/flora:</u>	Minerotrof flatmyr. Hovedsakelig fattig mykmatte/løsbunnmyr (K4) der ein har ulike utformingar og dominerande artar alt etter kor høgt grunnvatnet står. Torvmosar (spp) dominerer i botn. Elvesnelle, bukkeblad og flaskestarr er dominerande artar, men og kvitmyrak, rome og trådstarr. Sivblom er særmerkt og svært vanleg på myra. I Bergatjørna dominerer flytebladvegetasjon (P2) der gul nøkkerose dominerer, men og kvit nøkkerose og tjønnaks.
<u>Inngrep:</u>	Vegkant i sørvest. Noko skoghogst i skogane rundt. Sjølve myra er intakt.
<u>Verdiar:</u>	Myr av ein viss omfang er generelt sterkt redusert i lavlandet og kan reknast som trua naturtypar (dyrking, skog, veg og anlegg). I Suldal er myr i denne høgda sjeldan. Intakt myr i denne del av landet (boreonemoral – sørboreal) vert rekna som svært viktige i verdisamanheng, særleg om dei er større enn 50 daa og har rødlisteartar (DN 1999). Myra og vatnet er rikt på dyreliv. Her er mykje rådyr og hjort. Bergatjørna er ynglestad for ein stor bestand av padde. Her er og blodigle som er ein raudlisteart (sjeldan). Aure i vatnet. I skogen rundt myra er spetter vanlege å sjå, mellom anna kvitryggspett som er ein rødlisteart.
<u>Anna:</u>	Feltnotat 1-3.

<u>Lokalitet:</u>	Storamyra, Barkeland, Jelsa (LL 342 813)
<u>Moh:</u>	15
<u>Undersøkt:</u>	14.08.03
<u>Areal/utbreiing:</u>	Myra ligg aust for Vågamyra og er 42 daa.
<u>Typar/flora:</u>	Omrotrof myr med tørrare og våtare parti. I botn er torvmosar dominerande. I feltsjikt rome og pors. Lågvaksen furu er vanleg. Homogen.
<u>Inngrep:</u>	Grøfting i kanten heilt i sør.
<u>Verdiar:</u>	Myr over 50 daa i denne vegetasjonssona (boreonemoral) med mindre/moderat påverknad vert å klassifisere som viktige i verdisamanheng (DN 1999). Det samme gjeld myr over 50 daa i sørboreal sone sør for 62. breiddegrad. Må og sjåast i samanheng med Vågamyra, sjå ovanfor.
<u>Anna:</u>	Feltnotat nr 4

<u>Lokalitet:</u>	Slåttetjørna ved Barkeland, Jelsa (LL 330 818)
<u>Moh:</u>	66
<u>Undersøkt:</u>	14.08.03

Areal/utbreiing: 37 daa + vatn (13 daa). Myra omkransar Slåttetjørna.
Typar/flora: Fattigmyr med mellom anna bukkeblad og blåtopp som indikerer jordvannpåverking. Dominerande artar er pors og rome. I hovudsak flat fastmattemyr, men og svakthellande bakkemyr i sør.
I vatnet dominerer gul- og kvit nøkkerose.
Inngrep: Vegkant i sør
Verdiar: Myr av ein viss omfang er generelt sterkt redusert i lavlandet og kan reknast som trua naturtypar (dyrking, skog, veg og anlegg). Også i Suldal er myr i denne høgda sjeldan. Intakt myr i denne del av landet (boreonemoral – sørboreal) vert rekna som viktige i verdisamanheng, særleg om dei er større enn 50 daa (DN 1999).
Anna: Det går sti frå vegen over myra til vatnet. Her ligg nokre pallar i vasskanten som tyder at det vert nytta som badeplass.
Feltnotat nr. 5.

Lokalitet: Trongane ved Liastøl, Hålandsdalen (LL 465 834)
Moh: 380
Undersøkt: 14.08.03
Areal/utbreiing: 138 da
Typar/flora: Vekselvis ombrotrof tuemyr og fattig fastmattemyr. Bjønnskjegg, klokkelyng, dvergbjørk og røsslyng er vanlege artar. Blåtopp, duskull og skrubbær indikerer jordvannspåverking i fattigmyr. I aust finn ein og intermediære myrsig kor flaskestarr dominerer, med innslag av mellom anna blåknapp, myrfiol, elvesnelle og bukkeblad.
Inngrep: Bekken som går igjennom området er grava ut før 1986 og etter 1973. Tidlegare buktet bekken seg over store delar av myra. Det ligg nokre tønner og nokre mindre røyr utover myra. Arbeid med å drenere myra har med andre ord vore starta, men ikkje fullført.
Verdiar: Variert myr, men inngrep reduserer verdien. Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): *Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold*.
Anna: Feltnotat 6-8

Lokalitet: Storemyr nord for Nyastøl, Gullingen (LL 564 898)
Moh: 600
Undersøkt: 14.08.03
Areal/utbreiing: 45 daa. Ei samanhengande flatmyr med mindre dammar/pyttar.
Typar/flora: Flat, minerotrof, fattig fastmattemyr (K3) som vert dominert vekselvis mellom flaskestarr, duskull og bjønnskjegg. Andre vanlege artar er blåtopp, klokkelyng, kvitlyng, molte, stjernestarr, sveltstarr og rund soldogg.
Inngrep: Fleire hytter i utkanten av myra.

- Verdiar: Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): *Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold*.
- Fin utforming av flat fattigmyr. Verdien må sjåast i samband med andre verdiar knytt til myra.
- Myra ligg på ein bresjø-terrasse som vert tolka å vere rester etter eit delta, avsett i bresjøen som låg her under isavsmeltinga. Terrassen er vurdert å ha stor verdi i landsmålestokk (Anundsen og Sollie 1987).
- På terrassen, i sør vest utanfor myra, ligg fleire kullgroper og ei blestergrop som er automatisk verna etter kulturminnelova.
- Anna: Det går ein mykje nytta sti i kanten av myra i sør og vest. Feltnotat 9



Storemyr ligg på bresjø-terrasse og har ein utforming av fattig flatmyr (K3).

- Lokalitet: Mosvatnområdet N, Breiastølsdalen (utan Storemyr) (LL 565 895)
-
- Moh: 500-700
- Undersøkt: 27. og 28.08.03
- Areal/utbreiing: Gullingenområdet er den del av Suldal kor myrarealet er størst. Dei ligg rundt Mosvatnet med størst areal i nordaust mot Stavastølen og Breiastølsdalen, og sørover mot Hedlebrekk og Buhidler.
- Typar/flora: Myrene i området er stort sett minerotrofe fattig fastmattemyr (K3), oftast bakkemyr, men og flatmyr. Her er innslag av tuer. Dominerande artar er blåtopp, flaskestarr, duskull og bjønnskjegg, med torvmoser i botn. Andre vanlege artar er røsslyng (flekkvis på tørrare partier), kvitlyng, molte, stjernestarr, sveltstarr og rund soldogg. Dvergbjørk og bjørk er begge nær sagt alltid representert.
- Det finst og ombrotrofe myrparti, men berre små areal. Intermediær myr finn ein her og der i samanheng med sig, men og nokre myrer i Breiastølsdalen. Her finn ein mellom anna myrhatt og myrfiol.
- Mellom myrene finn ein vanlegvis blåbærskog (A4) med fjellbjørk og einer. I feltskiktet finn ein mellom anna blåbær, krekling, røsslyng, bjønnekam, engkvein, finnskjegg, lusegras og tepperot.
- Inngrep: Vegkantar, hytter, motorferdsel.

Verdiar: Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold .
Store areal til Rogaland og Suldal å vere. Typiske myrer frå ombrotrof til minerotrof utforming. Storemyr, Finnadalsheia og områda ved Hedlebrekk peikar seg ut som mest verdifulle.

Anna: Feltnotat nr. 10-17, 20.

Lokalitet: Søre Finnadalen, Finnadalsstølen (LL 568 868)

Moh: 680-700

Undersøkt: 28.08.03

Areal/utbreiing: 51 daa i Søre Finnadalen og 139 daa ved Finnadalsstølen. Klart avgrensa myrer. Myra ved Finnadalstølen ligg i ein brebotn, torvjorda er dels grunn og her og der er det fjell og morene i dagen.

Typar/flora: Myra ved Finnadalsstølen er svært variert og artsrik. I hovudsak er det ei flatmyr, men i kantane finn ein noko bakkemyr. Innimellom tuemyr.

Ein finn ombrotrofe partier (J2, J3), næringsfattige (K3) og større områder med intermediær myr (L3). Det meste er fastmatte, men der ein finn dei rikaste partia, er det oftast mykmatte. Her finn ein mellom anna myrfiol, myrhatt og dystarr.

Andre dominerande og vanlege artar er duskull, flaskestarr, dvergbjørk, røsslyng, slåttestarr og stjernestarr. Torvmoser dominerer botnen.

Myra har og område utan vegetasjon der torv ligg i dagen.

Lengre sør, i Søre Finnadalen, ligg myr av fattigmyr-typen (K4). Vanlege artar her er duskull, flaskestarr og blåtopp. Ein finn og myrfiol som indikerer intermediære forhold.

Inngrep: Nei.

Verdiar: Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999):
Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold .

Myrene i området er store og varierte, og då spesielt ved Finnadalsstølen. Intermediær myr blir av DN rekna for å vere ein noko trua vegetasjonstype i Noreg (DN. Vedlegg 2).

Anna: Feltnotat 18 (Finnadalsstølen) og 19 (Søre Finnadalen)



Begge bileta er frå myra ved Finndalsstølen som er ei mosaikkprega myr.

<u>Lokalitet:</u>	Breidastølen, Nyastølen og Furedalen over Tjøstheim (LL 578 937)
<u>Moh:</u>	500-600
<u>Undersøkt:</u>	29.08.03
<u>Areal/utbreiing:</u>	Eit landskap der myr og fjellbjørkeskog dannar vegetasjonen. Saman med Gullingen-Hedlebrekk området er det her ein finn dei største areala med myr i kommunen. Totalt omlag 600-800 daa.
<u>Typar/flora:</u>	Eit område der fattig bakkemyr dominerer (K3) med innslag av intermediære sig. På flatare område finn ein innslag av ombrotrof myr, gjerne som høgdedrag i terrenget, men vanlegare er fattig- og intermediær myr. Sistnemnde med myrfiol og myrhatt er våtare enn fattigmyra som stort sett er av fastmattetype.
<u>Inngrep:</u>	Eit myrparti (50-100daa) er dyrka opp i seinare tid (2001?). Traktorveg i området.
<u>Verdiar:</u>	Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): <i>Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold</i> . Utforminga me finn i området er vanlege i Suldal. Myrareala er varierte og blant dei større me finn i kommunen. Oppdyrking øydelegg heilheten. Intermediær myr er rekna for å vere ein noko trua vegetasjonstype i Noreg (DN, vedlegg 2)
<u>Anna:</u>	Feltnotat 21-24



Myrkompleks frå stølsområdet over Tjøstheim. I forgrunnen ombrotrof myr med røsslyng, Rundt tjernet og bakken bak fattigmyr med bjønnskjegg og duskull, og intermediær løsbunn flatmyr med flaskestarr, dystarr og myrflol (lyse område).



Bakkemyr av fattigmyrtype. Ofte kjem det og sig med intermediære artar.

<u>Lokalitet:</u>	Mosvatnet, Mostølen (Bråtveit) (LM 780 053)
<u>Moh:</u>	600 -620
<u>Undersøkt:</u>	11.08.03. Myrene på flatane
<u>Areal/utbreiing:</u>	Dei største myrane ligg på flata aust for Mosvatnet. Det er noko bakkemyr på veg mot Jonstølen (ikkje undersøkt). Til sammen 300-400 daa.
<u>Typar/flora:</u>	Størstedelen av myra som ligg like aust for Mosvatnet er ombrotrof fastmattemyr (J3, feltnotat 33) med innslag av tuer og mykmatte. Bjønnskjegg og torvmose er dominerande artar.
	Elles er fattigmyr vanleg (K3) i området. Her er og intermediær myr (L3), og då gjerne mindre areal i tilknytning til sig.
<u>Inngrep:</u>	Vegen går delvis over myr.
<u>Verdiar:</u>	Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): <i>Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.</i>
	Intermediær myr er rekna for å vere ein noko trua vegetasjonstype i Noreg (DN, vedlegg 2)
<u>Anna:</u>	Feltnotat 32-34

<u>Lokalitet:</u>	Vikastøls-, Vasstøls- Djupadalsvatnet (Hebnes N) (LL 275 878)
<u>Moh:</u>	350 - 400
<u>Undersøkt:</u>	11.08.03
<u>Areal/utbreiing:</u>	Myr vanleg rundt vatna. Den største ligg sør for Vasstølsvatnet og er om lag 60 daa. Totalareal ligg rundt 150 – 200 daa.

<u>Typar/flora:</u>	Flat- og bakkemyr der minerotrof fattigmyr dominerer. Bjønnskjegg, duskull, rome og blåtopp er oftast dominerande artar, og alltid torvmosar. Myrane er dels fast og dels mykmattemyr, men ein finn og lausbotnmyr. I sistnemde finn ein mellom anna kvitmyrak.
<u>Inngrep:</u>	Ingen kjende
<u>Verdiar:</u>	Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): <i>Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.</i>
	Intermediær myr er rekna for å vere ein noko trua vegetasjonstype i Noreg (DN, vedlegg 2)
<u>Anna:</u>	Feltnotat 28-31

<u>Lokalitet:</u>	Grytestølen – Rødnetjørna (Grytevatnet V) (LL 294 920)
<u>Moh:</u>	380 – 440
<u>Undersøkt:</u>	11.08.03
<u>Areal/utbreiing</u>	Totalt om lag 250 daa.
<u>Typar/flora:</u>	Bakke og flat fattigmyrvegetasjon (K3) dominerer, ofte med mykje bjønnskjegg. Vanlegaste sivevannsindikator er blåtopp, men og flaskestarr, duskull, flekkmarihand, tepperot og stjernestarr. I nokre bakkemyrer er mellom anna myrhatt og skogsnelle vanleg, dette er intermediær myr.
<u>Inngrep:</u>	Ingen kjende
<u>Verdiar:</u>	Myrtypane i området er ikkje kartleggingeining etter DN (1999): <i>Kartlegging av naturtypar, verdisetting av biologisk mangfold.</i>
	Lokalt er myrområdet det største på Ropeidhalvøya. I denne høgda er det nok og det største i kommunen. Intermediær myr er rekna for å vere ein noko trua vegetasjonstype i Noreg (DN, vedlegg 2)
<u>Anna:</u>	Feltnotat 25-27

Andre områder - diskusjon

Denne kartlegginga gir ikkje ein komplett oversikt over myr i Suldal. Den gir likevel eit bilete.

DN sin kartleggingsmetode av verdiar (1999) nyttar storleik på myr som eit viktig verdikriterium. Det kan stillast eit spørsmålsteikn ved dette. I Rogaland er det så lite myr at me i dag kan snakke om eit restareal. I eit slikt perspektiv blir også mindre myrer (under 50 daa) viktige i biologisk mangfald samanheng. Slike myrer er det mange av i Suldal. Tre lavlandsmyrer/område peikar seg ut og bør kartleggjast ved eit seinare høve:

- 1) Myrene mellom Jektaberget og riksvegen på Ropeidhalvøya. Desse ligg om lag 30 moh. Dei er til saman om lag 50 dekar.
- 2) Slåttedalen mellom Lovra og Slåttevatnet. Myra ligg 200 moh og er 44 daa.
- 3) Myr rundt Vandalstjørna (70moh) over Høyvik. Dette er og eit rikt viltområde. Myra er 47 daa.

Det bør vere regelen at ein gjennomfører synfaring om det skulle vere aktuelt med inngrep. I det heile er det så lite myr at ein bør ha ein restriktiv haldning til tiltak som skader denne naturtypen i Suldal kommune.

Oppsummering og konklusjon

Totalarealet av myr i Suldal er relativt lite. Når det finst er det vesentleg i høyareliggjande strøk, og då særleg i 500 – 700 moh.

Dei fleste myrer er fattige, og då gjerne bakkemyr. Her er og intermediær myr, mens rikmyr er sjeldan.

Nedbørsmyr eller ombrotrof myr finst, gjerne i blandingsmyr med fattig fastmattemyr.

Dei fleste registrerte myrer har ein utforming som er vanleg i oseaniske og suboseaniske støk. Dominerande artar er bjønnskjegg, blåtopp, flaskestarr, molte, røsslyng, torvull, duskull og slåttestarr.

Når det gjeld verdisetting av biologisk mangfald er dei registrerte rikmyrene i Tengedalheia, Tysseland og over Ritlandsvatnet svært viktige. Det same er lavlandsmyrene ved Barkeland, og då særleg Vågamyra. Dei delvis terrengdekkjande myrene ved Hedlebrekk er klassifisert som viktige.

Tidlegare har det vore foreslått verneområder av myr i Hedlebrekk- Fjellbergområdet, myr som blei vurdert å ha landsdel/regional interesse. Andre myrer av regional/lokal interesse som er framheva i rapporten er Storemyr (Gullingen) og myra ved Finnadalsstølen.

Kartleggingsmetodikken som er nytta når det gjeld verdsetjing (DN 1999) opererer mykje med storleik på myr som eit viktig verdikriterium. I Rogaland er det så små myrareal at det nok er meir riktig med eit ”restområde-fokus”. I det heile er det så lite myr at ein bør ha ein restriktiv haldning til tiltak som skader denne naturtypen i Suldal kommune.

Litteratur

- Anundsen, K. Og Sollie, I.H. 1987. Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland. Miljøverndepartementet. Rapport T-678
- Botnen, A. 1979. Sauda – Hylsfjordheia. Grovinventering av floraen. Rapport.
- Bakkestuen, V. Aarrestad, P.A. og Eilertsen 1999. Terrengekalking i Suldal, Rogaland – undersøkelser av vegetasjon og jord før kalking. – NINA Oppdragsmelding 599: 1-69
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-handbok nr 13.
- Frafjord, B. Og Jastrey, J. 1994. Fleirbruksplan for Mosvatnområdet. Statusrapport
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12; 1-279.
- Fylkesmannen i Rogaland 1981, ”Utkast til verneplan for myrer i Rogaland fylke”.
- Gaarder, G. og Haugan, R. 1998. Nøkkelbiotoper i Suldal kommune. NOA-rapport 1998-1
- Hansen, F.B. og Slette, A.C. 1987. Verneverdige natur- og friluftsområder i Suldal kommune – registrering. Telemark distrikthøgskole, hovedoppgave.
- Mayer, O.B. og Botnen, A. 1983. Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, Indre Ryfylke. Universitetet i Bergen 1983. Rapport 31.
- Moen og Pettersen, 1981. ”Myrundersøkelser i Agder-fylkene og Rogaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen.
- Odland og Fremstad 1989. Verneplan IV for vassdrag : botaniske undersøkelser i Rogaland og Hordaland. NINA oppdragsmelding ; 019
- Odland, A. 1993. Botaniske undersøkelser i forbindelse med Saudautbyggingen. NINA Utredning 39: 1-36.
- Steinnes, A. 1988. Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rapport 1988:12
- Tysse, T. 1997. Vilt og botaniske observasjonar i Suldal 1997. Suldal kommune, miljørapport 4/97.

Vedlegg

Feltnotat

Analyse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34		
Ombrotrof										(X)	(X)		X	(X)		(X)								X									X			
Minerotrof	X	X	X		X				X	X	X	X		X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X		X		X		
Strengmyr																																				
Flatmyr	X	X	X		X				X	X	X		X	X			(X)	X	X	X	(X)		X		(X)		X	X			X	X	X			
Bakkemyr					X					X	X	X		(X)	X	X	X	(X)	X	X	X	X	(X)		X	X	(X)		X	X	(X)	(X)			X	
Tue										X	X					(X)	(X)							X										(X)		
Fastmatte		X			X				X	X	X	X	X	X		X	(X)	X	X		(X)	X			(X)		X								(X)	
Mykmatte	X	X	X														X	(X)	(X)		X		X		X								X	X		
Løsbunn	X																																			
Bjønnskjegg						D			D	D	R	V	D	D		D	V	V	V	D	D	FD	R	V	D	V	D		FD	R	FD	D	D	V		
Bjørk	R	R	R	R				R	R	R	V	R	R	R	R	R		R		R	R	FV		R	R	R	R		R	R		R	R	R		
Bjørnemos										R		R					R								R	R										
Blokkebær						V		FV	V	R	FR	R	R		FR		FV					R			V	R							R	R		
Blåbær													R				R							R										R		
Blåknapp								R																												
Blåtopp	V	V	V		V		V	V	V	D	V		V	D	D	V	FV	V	R	R	V	R		V	V	R	V	V	V	R	R	R			V	
Bukkeblad	D		D		V*												R	R			V	V				R	R	R	R	R	R	R				
Duskull						FV	D	R	FD	V	D		R	V	V	V	D	D	R	R	FD					R		D	D	R	R				V	
Dvergbjørk					V				R	FV		D	FD	V	FV	V	FD	R	R					R			R	R		R	R					
Dystarr	V						R									R	V*	R					FD				R					R		FV		
Einer								R									R									R										
Elvesnelle	D	V	D					R																												
Finnskjegg									R					R			R																			
Flaskestarr		R	D		DF		D	V	FD	R	D		FD	D		D	FD	FD		R			D								FD	R			V	
Flekkmarihand				V	V		R		R	R	R		R											R		R					R	R				
Furumose											FV		R																						R	
Greplyng																		R																		
Grønnstarr																	R																R			
Heigråmose						V				V														R			R									
Klokkelyng		V		V	V	V		V	V	V	V							R			R	R		R	V	V	V	V	FD	R	R					
Kornstarr							R																													
Krekling																		R																	R	
Kvitlyng		V			V			R	V	V	V	V	V		V	V	V	V	V	V	R	V	V	V	V	V	R	R	R	R	R	R	R	R	V	V
Kvitmyrak	V	D	V		V		R																					FD								
Lappvier-sølvvier														R		R	R					R														
Lusegras										R						R		R	R																	
Lyssiv																																			FD	
Mjølkerot																																				
Molte				V		V		V	V	V	R	V	R	V			V	V		R				R	V	V									R	
Myrflol								R									R	R	R			FV	R					R							FV	
Myrfrytle						R			R																							R				
Myrhatt			R														R	V				FV				V										
Pors		R	V	D	D												R	R	R																	
Reinlav (spp)							R											R																	R	
Rome			FV	D	D	R		V	FR															R	FD		D	FD	FD	R	FD	FR				

Rund soldogg		V	V	V	V	V		V	V	R	R		R				R	R	R	R		R		R	R	R			R	R	R	
Røsslyng		V		V		V		FV	FD	FV	FR	V	R		FV		FD				R		D	R		R		FV	R	R	R	R
Sivblom	V	V	V																													
Skogsnelle																							R									
Skogstjerne						R			R	R				R		R	R	R			R					R	R	R	R			
Skrubebær						V										R	R				R		R									
Slåtestarr						R		V	FV	R	R			V	R		V				R			R				R	R			R
Soldogg, dike/small																		R		R		R										
Stjernestarr				R	R	R	R	V	FV	V	R			R		V	D		R	R			R		R	R	FV	FV	R		FV	
Sveltstarr								V	R	V	FD	D		V					R	R	R		R	R	R		R	R			V	
Tepperot						R			FV					R					R		R			V		R	R	R	R			
Tettegras																		R														
Torvmose spp	D	D	D	D	D				D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	D	
Torvull		R							D	V	R	R	R		R		R		R		R	R										R
Tranebær		V	V						V	V	R	V																R				R
Trådsiv														R		V	V															R
Trådstarr	D		FV																													
Tvebustarr							R																									R
Tyttebær						V						R												R								

Teikn:

X – Ja

(X) - Ja, men mindre gjeldande

D – dominant

V - vanlege artar som ikkje gjer seg så sterkt gjeldande <20 %,

R - registrert,

F – flekkvis

NB. Det viktigaste har vore å klassifisere myrene, ikkje å lage ei komplett artsliste for dei ulike myrane. Feltregistreringane må difor ikkje oppfattast som komplette artslistar, spesielt på mose og lav er dei mangelfulle.